



Utvalg: Kontrollutvalet i Fusa kommune
Møtestad: Loftet, Kommunehuset i Fusa
Dato: 03.09.2015
Tidspunkt: 11:00 – 15:00

Følgjande faste medlemmer møte:

Navn	Funksjon	Representerer
Arild Legland	Leiar	FRP
Øyvind Nordbø	Nestleiar	SP
Ranveig Næss	Medlem	H
Turid Glesnes	Medlem	AP
Arne Holmefjord	Medlem	FRP

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemmer møte:

Navn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader

Andre som møte:

Navn	Stilling
Berit Fløysand	Rådmann (PS 29/15)
Iver Fiksdal	Forvaltningsrevisjonsrevisor i Deloitte (ikkje med i PS 34/15)
Elin Molven Wilhelmsen	Spesialrådgjevar i Hordaland Fylkeskommune

Arild Legland
utvalgsleiar

Elin Molven Wilhelmsen
utvalssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
PS 27/15	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 28/15	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
PS 29/15	Rådmannen orienterer - Handtering av forbetningsområda i revisjonsrapport nr. 5.		2014/160
PS 30/15	Forvaltningsrevisjon innan verksemdsstyring og vedtaksoppfølging i Fusa kommune - Løypemelding		2015/25
PS 31/15	Revisjonsplan 2015 for Fusa kommune		2014/160
PS 32/15	Forslag til budsjett 2016 for kontroll og tilsynsarbeidet i Fusa kommune		2014/159
PS 33/15	Evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i denne perioden		2014/174
PS 34/15	Konkurransetsetting av revisjonstenester for Fusa kommune		2014/420
PS 35/15	Referatsaker		
RS 22/15	Brev frå KPMG 28.5.15 til Tysnes om habilitetsvurdering		2014/200
RS 23/15	Notat frå Thommessen dagsett 12.6.15 om habilitetsvurdering		2014/200
RS 24/15	Budsjettbrev frå Fylkesmannen		2014/160
RS 25/15	Vedtak KST - Tertialrapport pr. 1.5.2015		2014/160
RS 26/15	Vedtak KST - Årsmelding og rekneskap for 2014 - Fusa kommune		2014/160
RS 27/15	Vedtak KST - Forv. rev. innan tilpassa opplæring og spes. underv.		2014/327
RS 28/15	Vedtak KST - Kommunereforma - Status - Veggen vidare		2015/19
PS 36/15	Gjennomgang av møteprotokoller - Fusa kommune		2014/161
PS 37/15	Eventuelt		

PS 27/15 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Fusa kommune - 03.09.2015

Handsaming i møtet:

PS 34/15 Konkurransetsetting av revisjonstenester for Fusa kommune vart flytta til slutten av møtet.

Det kom ikkje fram andre merknader til innkalling og sakliste.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

PS 28/15 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Fusa kommune - 03.09.2015

Handsaming i møtet:

Det kom ikkje fram merknader til møteprotokollen.

Vedtaket var samrøystes.

Vedtak:

Møteprotokollen frå møtet 1.6.2015 vart godkjent.

PS 29/15 Rådmannen orienterer - Handtering av forbetningsområda i revisjonsrapport nr. 5.

Forslag til vedtak

Saka er lagt fram utan framlegg til vedtak.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Fusa kommune - 03.09.2015

Handsaming i møtet:

Rådmann Berit Fløysand orienterte i saka og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Rådmannen presiserer at kommunen ikkje ynskjer å koma opp i same situasjonen til neste år, når årsmelding og årsrekneskap skal handsamast. Ho seier også at administrasjonen har ein god dialog med revisjonen for å få løyst oppgåvene innan økonomiavdelinga i kommunen. Det vart avvikla eit møte før sommarferien og eit møte i slutten av august. Grunna sjukemelding vert det ytterlegare problematisk å få utført alle oppgåvene til rett tid. Fusa kommune har fått og får noko hjelp frå økonomisjefen i Samnanger

kommune. Det er også henta inn noko ekstrahjelp innan økonomiorrådet, for å få unna dei mest naudsynte oppgåvene. Det er også gjort nokre omrokkingar internt i administrasjonen.

For å få unna dei viktigaste arbeidsoppgåvene, vert det også prioritert på kva oppgåver som kan venta noko og kva oppgåver som det hastar mest med. Dette også i ein dialog saman med revisjonen, for å sikra at ein ikkje prioriterer feil.

Kontrollutvalet var nøgd med orienteringa og vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

Kontrollutvalet tok informasjonen til orientering.

PS 30/15 Forvaltningsrevisjon innan verksemdsstyring og vedtaksoppfølging i Fusa kommune - Løypemelding

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Fusa kommune - 03.09.2015

Handsaming i møtet:

Iver Fiksdal frå Deloitte kom med løypemelding i høve forvaltningsrevisjonsprosjektet og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Prosjektet er ikkje heilt i rute, grunna utfordringar i bemanningssituasjonen i kommunen. Mogleg at prosjektet vert ferdig i utgangen av november 2015. På bakgrunn av dette vert det mest realistisk å forventa at forvaltningsrevisjonsrapporten vert handsama i det første kontrollutvalsmøte i 2016. Eventuelt kan kontrollutvalet få rapporten i god tid før møtet, om den er klar, og såleis få god til gjennomlesing.

Forslag til vedtak i saka vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Informasjonen vert teken til orientering.

PS 31/15 Revisjonsplan 2015 for Fusa kommune

Forslag til vedtak

Saka er lagt fram utan framlegg til vedtak.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Fusa kommune - 03.09.2015

Handsaming i møtet:

Iver Fiksdal frå Deloitte AS presentere kort revisjonsplan med risikoområde og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Det kom ikkje forslag om nye/andre områder som revisjonen burde sjå på.

E-post av 2.9.2015 frå rekneskapsrevisor Unni-Renate Moe, i høve status på oppfølging av revisjonsrapport og kort om revisjonsplan, vart delt ut i møtet.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

Kontrollutvalet tok informasjonen til orientering.

PS 32/15 Forslag til budsjettforslag 2016 for kontroll og tilsynsarbeidet i Fusa kommune

Forslag til innstilling

- Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget for 2016 slik det ligg føre.
- Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret.
- Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontroll og tilsynsarbeidet for 2016.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Fusa kommune - 03.09.2015

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet gjekk gjennom saka.

Framlegg til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling:

- Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget for 2016 slik det ligg føre.
- Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret.
- Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontroll og tilsynsarbeidet for 2016.

PS 33/15 Evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i denne perioden

Forslag til vedtak

Resultat av evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i Fusa kommune i valperioden 2011 – 2015 vert å leggje fram for kontrollutvalet i valperioden 2015 – 2019.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Fusa kommune - 03.09.2015

Handsaming i møtet:

Nr.	Spørsmål	Svar
1	I kva grad blir møta gjennomførte på ein effektiv og engasjerande måte? Kva kan gjerast betre?	Ok. Møta er både effektive og engasjerande.
2	Er talet på møte tilstrekkeleg i høve til saksmengda?	Ja, heilt passe i høve saksmengd.
3	Klarer KUV å fylle kontrollfunksjonen på ein god måte? Kva kan gjerast betre?	KUV fyller kontrollfunksjonen på ein god måte. Det er ynskjeleg at revisjonen lettare melder attende til KUV når noko ikkje fungerer slik det bør/skal.

4	I kva grad har KUV hatt økonomiske rammer til å gjennomføre oppgåvene på ein god måte?	Forholdsvis har dette gått greitt!
5	Korleis blir KUV oppfatta av andre sentrale aktørar, slik som kommunestyret og administrasjonen?	Bra, både frå politisk og administrativt nivå.
6	Har kommunestyret og administrasjonen forståing av kva rolle og ansvar KUV har? Korleis kan KUV bidra til ei god forståing?	Ja.
7	Er det klare roller og klår ansvarsdeling mellom KUV, kommunestyret og administrasjonen?	Ja.
8	I kva grad er KUV synleg nok på kommunen si heimeside?	Lite synleg. Meiner dette må bli mykje betre.
9	Bør KUV gjere meir og/ eller mindre av noko?	Greitt slik det er no.
10	Korleis fungerer samhandlinga med revisor? Kva kan gjerast betre?	Veldig bra.
11	Korleis fungerer arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon og plan for selskapskontroll?	Fungerer veldig bra.
12	Korleis fungerer samhandlinga med sekretariatet? Kva kan gjerast betre?	Veldig bra.
13	Kva forbedringstiltak kan gjennomførast?	Ingen pr. dags dato.
14	Kva bør folkevaldopplæringa for det nye KUV innehalde og kor omfattande bør det vera?	Opplæringa som vart gitt i denne perioden, bør også det nye utvalet få. I tillegg bør det leggjast til rette for ei kort økt med innføring/opplæring i forkant av handsaming av til dømes forvaltningsrevisjonsrapportar, årsrekneskap osv. Korleis lesa og forstå desse, kva er viktig mm.
15	Folkevaldopplæringa for kommunestyret: - Bør KUV få delta her? - Bør roller og ansvar for KUV presenterast her?	KUV bør få delta på folkevaltopplæringa for kommunestyret og roller og ansvar for KUV bør presenterast.
16	Anna	Det kom ikkje opp noko under dette punktet.

Vedtak i saka vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Resultat av evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i Fusa kommune i valperioden 2011 – 2015 vert å leggje fram for kontrollutvalet i valperioden 2015 – 2019.

PS 34/15 Konkurransetsetting av revisjonstenester for Fusa kommune

Forslag til vedtak

1. Framlagt konkurransegrunnlag, med dei endringar som framkom i møtet, vert vedteke.
2. Sekretariatet får fullmakt til å gjera naudsynte redaksjonelle og strukturelle endringar i konkurransegrunnlaget før det vert sendt ut.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Fusa kommune - 03.09.2015

Handsaming i møtet:

Konkurransesgrunnlaget er unnateke offentlegheit etter offentleglova § 23, 3. avsnitt. Møtet vart lukka under handsaming av saka, med heimel i kommunelova § 31.3, jf. offl. § 14.

Sekretariatet informerte om at det var oppgitt eit feil årstal i saksframlegget i første avsnitt. Korrekt setning vert: «*Noverande avtaleperiode for revisjonstenester for Fusa kommune er vedteke å gjelda til og med rekneskapsåret 2015, det vil seia til og med 30.6.2016.*»

Dokumenta vart delt ut på rødt papir og gjennomgått i møtet og samla inn att etterpå. Kontrollutvalet drøfta innhaldet i dokumenta. Sekretariatet svarte på spørsmål frå utvalet.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Framlagt konkurransegrunnlag vert vedteke.
2. Sekretariatet får fullmakt til å gjera naudsynte redaksjonelle og strukturelle endringar i konkurransegrunnlaget før det vert sendt ut.

PS 35/15 Referatsaker

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Fusa kommune - 03.09.2015

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet gjekk gjennom referatsakene og fatta samrøystes vedtak.

Vedtak:

Referatsakene vart tekne til orientering.

RS 22/15 Brev frå KPMG 28.5.15 til Tysnes om habilitetsvurdering

RS 23/15 Notat frå Thommessen dagsett 12.6.15 om habilitetsvurdering

RS 24/15 Budsjettbrev frå Fylkesmannen

RS 25/15 Vedtak KST - Tertialrapport pr. 1.5.2015

RS 26/15 Vedtak KST - Årsmelding og rekneskap for 2014 - Fusa kommune

RS 27/15 Vedtak KST - Forv. rev. innan tilpassa opplæring og spes. underv.

RS 28/15 Vedtak KST - Kommunereforma - Status - Vegen vidare

PS 36/15 Gjennomgang av møteprotokoller - Fusa kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Fusa kommune - 03.09.2015

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet gjekk gjennom møteprotokollane.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

PS 37/15 Eventuelt

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Fusa kommune - 03.09.2015

Handsaming i møtet:

Det vart meldt opp ei sak under eventuelt.

Manglande svar ved henvendingar til kommunen:

Fleire i utvalet har motteke informasjon om at når nokon tek kontakt med kommunen, får dei ikkje svar. Dette gjelder både ved skriftlege søknader og andre henvendingar. Dette er ei sak som uroar kontrollutvalet. På bakgrunn av dette vert bekymringsmeldinga sendt vidare til rådmannen, slik at ho får moglegheit til å sjå på kommunen sine rutinar og retta opp i det som eventuelt ikkje er korrekt.